

ÅRSRAPPORT 2013 FRÅ STATENS NATUROPPSYN TIL BREHEIMEN NASJONALPARKSTYRE

03.12.2013

Statens naturoppsyn

Øyvind Angard og Liv Byrkjeland



SNO tilsette:

Liv Byrkjeland, Luster

Øyvind Angard, Skjåk

I tillegg er det kjøpt tenester av:

Skjåk almenning

Lom fjellstyre

Skjolden bygdeservice SA

Johannes Hauge, Kjell Einar Ormberg, Jenny Bakken og Turid Gudmundson, Kjetil Ruud, Hans Olav Meløy,

Ole-Hermann Meløy (sommjarjobb)

Bjørn Ove Bergum (fotograf)

Skjolden oppvekstsenter (skule og barnehage)


Innhald

1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn og informasjon.....	3
1.1. Motorferdsel	4
1.2. Villrein.....	4
1.4. Informasjon	5
1.5. Plukking av søppel	8
1.6. Tilsyn med tamreindrift.....	9
2. Registrering/overvåking	10
2.1. Ferdselstelling.....	10
2.2. Bevaringsmål – strukturert befarng	11
2.3. Bestandsregistrering rovvilt	12
3. Tiltak frå bestillingsdialogen.....	13
3.1. Kulturlandskapsskjøtsel i Mørkridsdalen	13
3.2. Utbetring av buforveg i Mørkridsdalen	15
3.3. Utbetring av buforveg i Dalsdalen, Vigdalen LVO	16
3.4. Ny bru Vigdalen	17
3.5. Ny farved på bilbrua inn til Bukkebotn i Høydalen	18
3.6. Restvedlikehaldet av stig opp mot Smithbu.....	19
3.7. Utlegsbru i Tundradalen	20
3.8. Vedlikehald hengebru over Måråe.....	21
4. Andre tiltak.....	22
4.1. Skilting av Breheimen	22
4.2. Tilrettelegging i Dumdalen	24
4.4. Plukking av gran i Vigdalen.....	25

1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn og informasjon


Figurane under viser oversikt over brukt arbeidstid i timar på ulike fagområde hjå SNO i Luster og Skjåk/Lom. Det er brukt mest tid på oppsynsaktivitet (tilsyn) i Breheimen på begge sider av grensa.

Luster



Figur 1. Tal timar brukt på ulike arbeidsområde i Luster. NP= nasjonalpark, VO= verneområde.

Skjåk/Lom



Figur 2. Tal timar brukt på ulike arbeidsområde i Oppland.

1.1. Motorferdsel

I Sogn og Fjordane har det vorte gjennomført sporadisk kontroll av motorferdel, men ingen fellesaksjonar med politi. Køyninga med snøscooter ser ut til å vere stabil, og det er observert køyrespor i same områda som i fjor: Vigdalen og Kokstad-Osen området. Det er ikkje avdekka ulovelege forhold. Mange melder ifrå til SNO om når dei skal ut å køyre i tråd med løyve som er gitt.

I Oppland har det vore sporadiske kontrollar av lovleg motorferdsel både om sommaren og vinteren, ingen aksjon saman med politi. Har fått tips om ureglementert kjøring i Lomsegg-området i ettertid, men forholdet vart ikkje avdekka. Dei aller fleste melder frå i god tid når dei skal ut.

Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

Følgje med på motorferdsel etter løyve. Gjennomføre sporadiske oppsynsturer for å forebygge/avdekke ulovlig bruk av motorkjøretøy i verneområda. Luster kommune har meldt seg på ordninga med å prøve ut rekreasjonskøyning for snøscooter. Eit av dei aktuelle områda er Geisdalen som grensar til Breheimen. Ordninga vil truleg ikke tre i kraft før i 2015.

1.2. Villrein

Sno har eit godt samarbeid med villreinutvalget i Ottadalen.

Registrering av områdebruk

Vi i Sno bidreg med datainnsamling med kor reinen befinn seg i store delar av året, dette er data som kjem til nytte for områdestyret også, for å fastslå når reinen er i kva område i løpet av året.

Teljingar

Vi er med på minimumstelling om vinteren, samt strukturtelling om hausten etter jakta. Dette for at forvaltninga skal få gode tal å basere jaktkvota for neste års jakt.

Villreinjakt

Sno samarbeidar med villreinutvalget for Ottadalen om gjennomføring av oppsynet under villreinjakta både i Reinheimen og Breheimen (figur 3, 4). Som før er det arrangert eit oppsynsmøte i forkant av villreinjakta, der alle oppsyn som skal fungere i jakta er med. På dette møtet er SNO ein av bidragsytarane med det faglege opp mot oppsynskorpset. Også dei som er innleigd kun i villreinjakta brukar sno-uniformering og SNO-tenestebevis.

Under årets villreinjakt deltok SNO med åtte fast ansatte naturoppsyn, som i sum utførte følgjande:

Ant. dagar	Ant. timar	Ant kontrollerte	Ant. info
52	595	57	360

Figur 3 Statistikk på fast ansatte under årets villreinjakttoppsyn.

Saker frå årets villreinjakt:

- Manglende dokumenter: 4, derav 1 anm. pga ikke betalt jegeravgift
- Feil dyr: 3
- Rapporter andre forhold: 4 (2 dyr på ett skudd, ettersøk, hvem har rett på dyr som ettersøkes, jakt på feil område)



Figur 4. Villrein i Skjåk under årets jakt

Utviklingstrekk/utfordringer

Sjå villreinutvalgets årsmelding/oppsynsrapport.


Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Se villreinutvalgets årsmelding/oppsynsrapport.

1.4. Informasjon

I Luster har det vore stor aktivitet på informasjonsfronten også 2013. Det har vore arrangert **bygdevertskurs** i Mørkridsdalen for vidareutdanning av lokale turistvertar slik som i fjor. I tillegg har det vore gjennomført eit stort **undervisningsprosjekt** i samarbeid med Skjolden oppvekstsenter som oppfølging av Mennesket og naturarven prosjektet. Lærebøkene vart

bytte ut med undervisning i felt i Mørkridsdalen. Det det er laga film og undervisningshefte om skuleopplegget som skal vere til inspirasjon for andre (figur 5).



Figur 5. Inspirasjonhefte med 35 min lang film som syner korleis skuleprosjektet i Mørkridsdalen har vorte gjennomført

SNO har også vore involvert i arbeidet med ny **utstilling** på Breheimsenteret i Jostedalen, og har delteke med to- dagars stand på **Lustramarknaden** i Gaupne (figur 6) samt på **Brefestivalen** i Jostedalen. På Brefestivalen arrangerte SNO dagstur for borna kalla ”tidsreise framfor breen” der borna vart aktiviserte undervegs (figur 7).



Figur 6. Fellesstand med forvaltarar og SNO på Lustramaknaden for dei tre nasjonalparkane Jostedalsbreen, Breheimen og Jotunheimen.



Figur 7. Her lagar ungane rognespøyte. Tema for arrangementet var tidsreise framfor breen.

Gjennom prosjektet Mennesket og naturarven har Mørkridsdalen også i år fått stor merksemd gjennom bruk av filmene som er laga og ulike føredrag nasjonalt og internasjonalt. SNO filmen om Mørkridsdalen (med engelsk tekst) vert mellom anna vist på Fjordstova for mange cruisebåt turistar.

På Sota sæter vart det arrangert **Nasjonalparkfestival**, der SNO Skjåk bidrog i ei prosjektgruppe før festivalen. Under sjølve festivalen var vi med på ein barnecamp, der fokus gjekk på å aktivisere ungane med tema omkring friluftsliv – fiske, båltening, lassokasting og mykje meir (figur 8). Dei som ville av ungane fekk vere med å overnatte i Lavvo utan foreldre.

Barske glæder i Lom går som før, dette er eit samarbeidsprosjekt mellom mange aktørar. Vi inviterer 5. klasse i Vågå, Lom og Skjåk og gjev dei ein dag ute med naturveiledning.

Informasjonsportalen på Dønness i Skjåk har fungert greitt, men nokre fornyingar og reparasjonar har det vore. Informasjonssenteret ligg i tilknytning til ein Coop-marked butikk, og fylgjer opningstidene der. Mellom anna har det vore jobba med betre skilting på veggen av bygget, for å vise tilreisande at det er mogleg å få informasjon om nasjonalparkane Breheimen og Reinheimen.



Figur 8. Frå barnecampen på nasjonalparkfestivalen på Sota sæter.

Utviklingstrekk/utfordringer - forslag til oppfølging

Det er viktig å halde fram med å ha stort fokus på informasjon og naturveiledning då ein ser at dette har veldig positiv effekt, både i lokalmiljøet men også ut over dette. Prosjektet Mennesket og naturarven har ei usikker framtid i 2014, men tradisjonskunnskap som tema vil vere relevant.

1.5. Plukking av søppel

Vi prøver stadig å reinske opp gammalt skrap som ligg her og der i fjellheimen. Spesielt for i år har vore reinsgardane etter tamreindrift i fjellet, der det ligg att ein del jernskrap. Dette har vorte samla saman og lagt i haugar, slik at ein kan finne det att og frakte det ned på vinteren. Likeeins har det vore gjort ein stor jobb på Strynefjellet lvo, der restar etter telefonline med stolpar, leidningar, jernbardunar ol har vorte lagt i haug på same måte (figur 9).



Figur 9. Restar etter telefonlina.

I Mørkridsdalen drog me ned ein gamal plastbåt som var eit skjemmande element ved vakre Storatjødni. Det var også funne ein del bos ved Bølifossen i vår som grunneigar har fjerna.

Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

Vi har begynt med dette arbeidet for å gjera verneområde reinare, og vi arbeider systematisk i desse fjella, slik at det nok kan påreknas å vera noko som vi vil bruke tid på i framtida også. Dette gjeld fleire områder, både på Strynefjellet og også på Sognefjellet på grensa til nasjonalparken samt mange stader på vestsida.

1.6. Tilsyn med tamreindrift

Også i år har det vore gjort nokre turar for å sjå til drifta av tamreinen når den kjem til Sognefjellet/Lomseggen (figur 10). Samarbeidet mellom tamreinlaget og sno fungerer bra. Det er viktig å halde fram med ein god dialog mellom villrein og tamreininteressene, i og med at villreinen er med i verneformålet til Breheimen. Spesielt lyt ein følgje med når det lir mot våren, og villreinbukkane er på tur til å krysse Lundadalen og avstanden mellom flokkane vert mindre.

Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

Fortsetja dialogen med partane i området, og ta sporadiske turar i grensefjella mellom vill- og tamrein.




Figur 10. Reingjetar Geir Egil Slettom frå tamreinlaget i Høyfjellet i Breheimen NP.

2. Registrering/overvåking

2.1. Ferdselstelling

I 2013 vart ferdselsteljaren flytta til Hødnavollen i Mørkridsdalen der den sto ute i perioden 2. juni –30. oktober. Boksen registrerte 3953 passeringar fordelt på 2902 inn dalen og 1051 ned. Resultata frå teljingane ved Drivandefossen i 2012 er no klare, sjå figur 11.



Figur 11. Resultat frå ferdselsteljar ved Drivandefossen i Mørkridsdalen 2012 som viser størst aktivitet rundt fellesferie og haustferie.

I Dumdalen har vi frå og med 2013 avslutta ferdselsteljinga for ei periode. Vi ser det meir formålstenleg å heller ta ein sjekk om nokre år (eks om 5 år). Tala frå 2012 syner at det er i juli, august og september dei aller fleste brukar området. I statistikken viser det seg at om lag 75% går inn og 25% går ut av dalen ved teljaren. Dette kan forklarast av at mange brukar ei alternativ rute på andre sida av der teljaren står når dei går nedatt.

Tala for 2012 var:

Totalt: 4226
Inn i dalen: 3200
Ut av dalen: 1026

Det er ei prioritert oppgåve å få opp informasjon om bruken av grottene ved inngangsporten. Vi må fortsetje dialogen mellom brukarane, forvaltninga og SNO for å lage ei smidig ordning som vil tjene både vernet av grottene og brukarane.

Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

Å ha ein oversikt over bruken av verneområda er viktig for forvaltninga. Målingar som går over tid er verdifulle for å sjå utviklinga i besøkstala. Ferdselsteljarar er tungvinte i drift, men med god hjelp av SNO-sentralt får ein ut fine tal (figur 10). Det er ikkje naudsynt å telje på same staden kvart år, og målarane vert flytta rundt til der det er størst behov. Nasjonalparkstyret må difor melde inn behov for måling i bestillingsdialogen.

2.2.Beveringsmål – strukturert befarung

Direktoratet for naturforvaltning har valt ut nokre pilotområde for å prøve ut metodikk kalla strukturert befarung for å kvantifisere bevaringsmåla. Slåttengene på Dulsete og Knivabakkgjerdet i Mørkridsdalen var med på målingane i fjor, men prosjektet vart sett på vent frå direktoratet si side i 2013 for å bruke meir tid på å betra metodikken.

Poenget med dette er å følgje med på korleis tiltaka som vert sett i verk påverkar verneverdiane. Fører slåttene i Mørkridsdalen til større artsrikdom? Tydeleg fleire blomar i enga kan tyde på det, men dette bør talfestast (figur 12).

Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

Auka fokus på målbare bevaringsmål i forvaltninga vil krevje at et vert utvikla gode metodar for å talfeste utviklinga i verneområda. Det er forventa større fokus på registrering og overvåkingsarbeid i 2014.



Figur 12. Aukar biomangfaldet på slåttengene i Mørkridsdalen etter tiltak er sett i verk?

2.3. Bestandsregistrering rovvilt

SNO gjennomfører bestandsregistrering av jerv frå januar og ut snøsesongen. Dette medfører mange besøk i store delar av verneområda. Rovviltregistreringar rapporterast gjennom rovbasen som har eigen innsynsløsing.



Det vart avliva 3 jervar i Breheimen i 2013 i regi av SNO – rovviltseksjonen.

I 2013 har det har vore auka fokus på registrering av kongeørn i 2013 (figur13). Det er ikkje funne hekkande kongeørn i Breheimen i 2013, men det har vore sett fleire fjellvåk hekkingar.

Figur13. Kongeørn er ofte å sjå i Breheimen nasjonalpark.

Utviklingstrekk/utfordringar – forslag til oppfølging

Kongeørnbestanden ser ut til å auke, men det er dårlege tal på bestanden. Difor er det auka fokus i SNO for å prøve å talfeste kongeørn, særleg hekkelokalitetar. Registrering av jerv held fram som tidlegare år.

3. Tiltak frå bestillingsdialogen

Alle tiltak frå bestillingsdialogen er gjennomført som planlagt.

I Luster er det gjennomført 9 tiltak i løpet av 2013.

Slått på Knivabakkgjerdet i Mørkridsdalen LVO	20 000	Gjennomført
Slått på Dulsete i Mørkridsdalen LVO	20 000	Gjennomført
Gjerde til haustbeite på Dulsete i Mørkridsdalen LVO	23 000	Gjennomført
Hautbeite på Knivabakkli i Mørkridsdalen LVO	21 000	Gjennomført
Restaurering av hengebru ved Fossen i Mørkridsdalen LVO	118 000	Gjennomført
Restaurering av sti ved Bølifossen i Mørkridsdalen LVO	15 000	Gjennomført
Restaurering av sti frå Dalen til Fossen i Mørkridsdalen LVO	57 000	Gjennomført
Restaurering av sti i Dalsdalen – Vigdalen LVO	80 000	Gjennomført
Ny bru over Vigdøla i Vigdalen LVO	50 000	Gjennomført

I tillegg har SNO Luster brukt **9 000** til plukking av gran i Vigdalen, **40 000** til film av skuleopplegget i Mørkridsdalen, og **29 000** til supplerande skilting i Breheimen,

I Oppland er det utført følgjande tiltak:

Restaurering av utleggsbru – tilkomst Tundradalen	150000	Gjennomført
Restvedlikehald stig til Smithbue-ref. fjoråret	60000	Gjennomført
Ny farved på bilbrua inn til Bukkebotn	50000	Gjennomført
Vedlikehald av bru over Måråe	40000	Gjennomført

Det vart i tillegg løyvd **100.000** til brua i Tundradalen, slik at den vart bortimot fullfinansiert.

3.1. Kulturlandskapskjøtsel i Mørkridsdalen

I august vart det gjennomført slått på Knivabakkgjerdet (15 da) og Dulsete (11 da). Graset vart slått med slåmaskin, raka saman og kompostert i utkanten av enga. På grunn av mange beitedyr var det mindre gras i år, særleg på Dulsete (figur 14).

I tillegg er det utført haustbeiting med 103 sau i området rundt Knivabakkli (figur 15). Dette tiltaket skal også gjennomførast på Dulsete, men det er behov for å setje opp gjerde først. Difor vart det kjøpt inn gjerde for dette føremålet i 2013.



Figur 14. Auka beitepress, slått og rydding har gjort kulturlandskapet på Dulsete opnare.



Figur 15. Haustbeite på Knivabakkgerdet er optimalt for det biologiske mangfaldet i enga. Her beitar 100 vaksne sauer i to månader ekstra etter sanking.

På Dulsete har det også vorte gjennomført eit stort ryddetiltak som vart støtta av SMIL midlar. Det meste av bjørkekrattet som har grodd opp i myra har vorte fjerna hausten 2013.

Utviklingstrekk/utfordringar

Skjøtselen i Mørkridsdalen må halde fram. Det er viktig at motiverte grunneigarar vert følgd opp.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Slått på Dulsete, Knivabakkgjerdet og restaurering av nokre nye almar.

3.2. Utbetring av buforveg i Mørkridsdalen

Utbetringa av buforvegen i Mørkridsdalen er flereårig prosjekt som starta allereie i 2010. I 2013 ble det arbeidd med strekninga frå Dalen til Fossen, og det vart sett opp ny hengebru over Nobbelvi (figur 16). Dette er eit viktig tiltak for stølsdrifta som er starta oppatt på stølen til den inste stølen Fossen. No er det mogeleg å få fram geiter og sau trygt over elva i tillegg til hest og storfe (figur 17).

Eit parti ved Bølifossen ved Fossaskårane er også vorte tilbakeført til den gamle traseen. DNT-stien gjekk over sleipe svaberg like ved fossen og kunne vere skummel syntest enkelte. No går stien i den gamle kløvjavegen i Fossaskårane.



Figur 16. Ny hengebru over Nobbelvi i Mørkridsdalen.



Figur 17 Det er 40 år sidan siste det var geiter i Mørkridsdalen. No blir stølsdrifta på den inste stølen teke opp igjen.

Utviklingstrekk/utfordringar

Buforvegen har blitt utbetra i hovudsak med tanke på buføring av husdyr. Dei siste åra har fleire sett i gong med beitedyr, og det er fleire sauer, storfe og geit i dalen enn på mange år. Dette er ei positiv utvikling av verneområdet som bør stimulerast vidare.

Det står igjen nokre parti av vegen som bør utbetrast for husdyr (Vetlafosso). Det bør kome bru over elva ved Liane slik at store dyr som storfe og hest kan beite på andre sida av elva og halde open stølsvollen på Knivabakkgerdet. Stien frå Dalen til DNT hytta Arentzbu har farlege parti som må utbetrast.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Vidare utbetring av kritiske punkt på buforvegen og utbetring av DNT stien frå Dalen til Fjellslå. Starte arbeid med å planlegge bygging av bru over elva ved Liane

3.3. Utbetring av buforveg i Dalsdalen, Vigdalen LVO

I Dalsdalen som er inngangsportal til Vigdalen landskapsvernområde, har arbeidet som starta opp i fjor vorte gjort ferdig slik at stien frå parkeringsplassen i Dalsdalen til Storhaug no er i god stand (figur 18).



Figur 18. Steinlegging av stien frå Kilen til Likholemyra er utført av Sherpa og arbeidet er leia av Luster kommune og nasjonalparkforvaltar..

3.4. Ny bru Vigdalen

Det er sett opp ny bru over Vigdøla mellom Vigdalstølen og Breisete (figur 19). Arbeidet er leia av nasjonalparkforvaltar, og er utført av Vigdalen sameige og Breisete sameige.



Figur 19. Ny bru over Vigdøla.

Utviklingstrekk/utfordringar

Gjengroing trugar verneverdiane i Vigdalen, og spreing av gran har vore den største trugselen. Fjerning av gran som har spreidd seg har betra situasjonen. Tilrettelegging for beitedyr bør vere viktig tiltak for Vigdalen LVO ,i tillegg til tilrettelegging for fot turisme.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Stien i Dalsdalen er ferdig restaurert, men det er behov for grøfting og steinlegging av stien mellom Vårstølen og Fjellstølen i Vigdalen. I tillegg er det kome innspel om utbetring av gamal sti ved Fodlesvåi for å få fram storfe framom Vigdalsstølen på vestsida av elva.

3.5. Ny farved på bilbrua inn til Bukkebotn i Høydalen

Treverket på denne brua som var bygd under kraftutbyggingsperioda sist på 50-talet, var i ein heller dårleg forfatning. Det vart difor innkjøpt ny impregnert material som vi la på dei gamle jernbjelkane.



Figur 20. Den gamle brua over Høya i Bukkebotn..



Figur 21. Etter utskifting av material.

Utviklingstrekk/utfordringer og anbefalte oppfølgingspunkter

Tilsyn med brua, og montere grind som hindrar beitedyr å reise vestover i området.

3.6. Restvedlikehaldet av stig opp mot Smithbu

I likheit med året før, vart det hyra inn sherpaer frå Geir Vetti til å slutføre arbeidet på stigen. Det var i all hovudsak dei nedre delane av stigen som vart arbeidd med denne sesongen. Arbeidet får gode attestar frå brukarane i området. Som ein kuriositet kan den nemnast at norges minste festival vart arrangert på Smithbu denne sommaren. Det var program med musikk, sang og servering av mat, samt at ildsjelene i arbeidet med restaureringa av Smithbua fekk ein hyllest.



Figur 22. Arbeid med stigen nedre delar

Utviklingstrekk/utfordringar

Stigen har vorte restaurert med tanke på bruk av turgåare, og det er lagt mykje arbeid på å lede vatn ut av stigen, samt steinlegging. Stigen er opprusta og klar for mykje trafikk.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Enkelt vedlikehald etter vårløysing.

3.7. Utleddsbru i Tundradalen

Den gamle brua har i dei siste åra fått meir og meir slagside, difor har det tvinga seg fram eit prosjekt med denne. Brua har ein funksjon for å få over fe og folk på andre sida av dalen. Den gamle brua vart teken ned fyrst i september, og den nye vart montert på same måte i løpet av ein månads tid.



Figur 23. Den nye brua.

Utviklingstrekk/utfordringer og anbefalte oppfølgingspunkt
Tilsyn med brua, og sjå på terrenget rundt i forhold til beitedyr.

3.8. Vedlikehald hengebru over Måråe

Då den gamle hengebrua begynte å bli risikabel å gå over, vart det i sommar gjort eit godt arbeid med å fornye denne. Nye forankringspunkt vart borra, og steinar vart lagt til for å lage klopp mot starten av brua (figur 24).



Figur 24. Den nye brua over Måråe.

4. Andre tiltak

4.1. Skilting av Breheimen

På Sogn og Fjordane sida av Breheimen vart merkinga fullført i 2012 med til saman 26 grenseskilt. Skiltinga vart utført som eit tenestekjøp som kompensasjon for at SNO-Luster har brukt mykje arbeidstid på Mennesket og naturarv-prosjektet.

SNO Skjåk har i år slutført skiltinga i Oppland sin del av Breheimen, slik at det nå totalt er sett opp 51 skilt fordelt slik:

Breheimen NP: 31
Mysubytta LVO: 8
Høydalen LVO: 4
Strynefjellet LVO: 3
Høyrokampen NR: 5

Ei evaluering av skiltinga etter ei stund kan avdekke behov for skilt på fleire stader, men dette vert det teke ei vurdering på fortløpande.



Figur 25. Frå skilting av nasjonalparken i Rauddalen



Figur 26. Doble skilt på grensa mellom Mørkridsdalen LVO og Breheimen NP.

Utviklingstrekk/utfordringer

Utskifting av øydelagde skilt og supplering av fleir vert fortløpande vurdert. På grenser der vi f.eks går frå LVO til NP brukar vi kombinasjonsskilt med ein stål stolpe der vi skrur fast eitt skilt på kvar side av stolpen, ellers brukar vi alu-stolpe for enkeltgrenser (sjå figur 5).

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år
Vedlikehald som nemnt over.

4.2. Tilrettelegging i Dumdalen

På oppdrag frå forvaltninga har SNO Skjåk gjort ein del arbeid i starten på Dumdalen.

Bakgrunnen er at stigane vert utvida for kvart år, og nye stigar vert danna. Vi ynskjer difor å forbetre dette ved å bygge gangbaner der det er blautast, samt at vi har etablert ein bål plass i dalen for å oppmøde om å ta rasten sin der – dette for å unngå bålfyring og forsøpling i grottene (figur 26 og 27). I samarbeid med Lom fjellstyre utførte vi arbeidet i løpet av forsommaren.



Figur 28. Kavlelegging i dei blaute partia nedst i Dumdalen, for å lede brukarane til skånsom ferdsel.



Figur 29. Bålplassen tek form

Utviklingstrekk/utfordringar

Forholdsvis stor trafikk, som fører til auka slitasje i terrenget. Behov for meir informasjon angående bruken av grottene.

Anbefalte oppfølgingspunkter neste år

Fortsetja med stigkanalisering/styring av fotturistane, samt oppsetjing av infotavler om bruken av grottene. Ha ein dugnad på oppussing i grottene – fjerning av «tagging» og søppel.

4.4. Plukking av gran i Vigdalen

To unggutar fekk sommarjobb med å plukke smågran i Vigdalen rundt Vigdalsstølen og Breisete samt innover dalen. Til saman er det no fjerna rundt 500 smågraner i Vigdalen (figur 29). Dette er tiltak som må gjentakast om nokre år, men sidan granene veks svært seint vil det vere tilstrekkeleg med kvart 6-8 år..



Figur 30. Granene frå Vigdalssølen har spreidd seg langt innover i landskapsvernområdet. Denne grana var om lag 50 år gamal.



3. desember 2013

Liv Byrkjeland og Øyvind Angard